

Stor siger Rosendal/Uskedal J16

08.09.2018



Ina skyt straffe

Då er vi endeleg kome i gong med haustsesongen for J16 laget til Rosendal/Uskedal. For ein pang start laget fekk, motstandar i dag var Nordhordland frå Knarvik område nord i Hordaland.

Allereie etter 4 min. kom Hanna Tvilde gjennom og setter ballen kontrollert bak en utrusande keeper, det skulle ikkje gå myke tid før Thea Taranger får kjempe treff frå 30 meter og ballen går i ein fin bøge over keeper og i mål. Fem minuttar seinare blir ein lang ball slått inn i bakrommet, noko Ina Sandvik Tveito får med seg og sette lett ballen bak Nordhordland sin keeper. Det er ikkje spelt meir enn 10 min. og R/U kører i denne perioden over motstandaren.

Det kan seiast at i første omgang er det er forferdeleg vær Rosendal stadion kan by på, det kjem mye regn, vind og i ein liten periode er det hagl som kjem ned frå oven. Men R/U kører på, det ser rett og slett ut som dei likar dette været.

Det går 12-13 min. og Guro Klette Leganger kjem seg fri og larar høgrekanona med resultatet 4-0. Etter omlag 23 min av første omg. blir Silje Soldal lagt i bakken innafor 16 meter og R/U for tildelt straffe, Ina tar denne og setter den utagbart til venstre for keeper og det står 5-0 til heimelaget.

Etter 32 min. kjem Nordhordland på ein overgang og vingen kjem seg fri på R/U si venstre sida og set ballen i mål bak R/U sin keeper. Men det er R/U som styrer kampen.

Ina blir lagt i bakken innafor 16m og R/U for igjen straffe, Ina tar denne sjølv, men denne gangen får keeper ei hand på ballen og får slått den til hjørnespark.

2. omgang er kome i gong og et innlegg kjem over heile feltet der Camilla Myklebust Ripel er på ballen og skyt, keeper får ei hand på ballen som dessverre går i tverrleggaren. Litt uheldig der Camilla.

Bare minuttar seinare finn Emma (Klette) ein liten plass og smeller av eit skot, som igjen går forbi keeper oppe i hjørne, det står 6-1 til R/U.

Etter 59 min. kjem Emma seg laus på kanten og legg elegant inn til Ina som enkelt set ballen i mål og R/U opp i 7-1. Rett etter dette kjem Silje seg fri og har ein kjempe sjanse (mener ballen var inne) men dommar seier det er 5 meter spark.

Etter 77 min kjem Emma seg laus nok ein gong og dundre balle i mål. 2 min etter dette kjem Thea seg laus på høgre sida og legger inn til Silje, som endelig for sitt mål i denne kampen.

Ut frå spel og sjansar å bedømma var 9-1 fortent siger. R/U har fått ein knall start på haustsesongen 2018, vi håpar det fortset like bra.

Vil og minne om at Rosendal/Trio spiller kamp i morgen kl.16:00 i Rosendal, du er velkommen og heie på damene/Jentene som skal ut i elden mot NHH som ligger bare 3 poeng over Rosendal på tabellen, R/T trenger all støtte dei kan få.

Lag i dag:

- May Beate Brakstad
- Lene Furdal
- Marte Bøyum (c)
- Amalie Hovden
- Eli Omvik
- Thea Taranger
- Ida Marien K. Eidsvik
- Guro Leganger
- Hanna Tvilde
- Ina Tveito Sandvik
- Silje Soldal

Innbyttarar:

- Camilla Ripel
- Lisa Jonetta Ølvestveit
- Emma Klette
- Siri Furdal

Foto: Erlend Bøyum

Tekst: Tor Gundersen

Nett: Hans Ordin Østebø